

Tilsvaret til møtereferat fra møte 15.11.2017 kl 12.00 på rådhuset.

Eg blei kalt inn til møte med Radøy kommune av Einar Færø der eg fekk opplyst at tema var behov for å avklare ansvarsområdene for arbeidet som skulle utførast på vannledningen til Lilletveit.

Einar Færø opna møtet med å gå rett til angrep på meg og beskyldte meg for å være den som hadde fått kommunen opp i den situasjonen som var. Han sa at nå fekk eg rydde opp. Eg protesterte på måten han ordla seg og på innholdet i det han sa. Mitt svar var at vi hadde forholdt oss til det tilbudet vi hadde gitt skriftlig til kommunen. Han påstod da at vi hadde forplikta oss til å betale for grøfta og at vi nå måtte betale til NGB den prisen som dei skulle ha for grøfta. Eg nekta for at vi hadde gitt kommunen blancofullmakt og sa at vi ikkje kom til å betale ei einaste krone meir enn den prisen vi hadde fått fra entreprenør Kåre Soltvedt.

Eg synes det er skremmande at eg som legmann og tilfeldig valgt representant for grunneigarane på Lilletveit skal måtte oppleve å sitte omkransa av 3 profesjonelle aktørar og bli utsatt for eit sånt press. Det egentlige formålet med møtet var at eg skulle gi etter for presset og signere kontrakt med kommunen/NGB. Det egentlige formålet med møtet og ordvekslingen i den forbindelse er utelatt i referatet.

Eg sa på møtet at eg ikkje hadde fullmakt til å oppgi pris og vilkår i avtalen med vår entreprenør. Slik fullmakt har eg fortsatt ikkje.

Einar Færø varsla aldri om at den delen av prosjektet som vi både muntlig og skriftlig hadde påtatt oss var på anbud.

Einar Færø sa at det ikkje var nødvendig å varsle entreprenør Kåre Soltvedt og andre som hadde ansvarsretter fordi det ikkje var samme trase. Da snakker han mot bedre vitende. Heilt siden midten av november 2016 har det vært nøyaktig samme trase på avløpsgrøft og vannledning. Dette er dokumentert gjennom byggesøknad (11.11.2016) og oppfølgingsbrev med tilhørende kart fra meg (14.11.2016). Altså var dette klart fleire måneder før kommunestyret vedtok vannledning til Lilletveit.

I referatet er det et avsnitt til slutt kalt «Løsning etterskrift»

Dette er en løsning som ikkje blei diskutert på møtet. Eg avviser en slik løsning fordi den ikkje er i henhold til politisk vedtak og heller ikkje i samsvar med situasjonsplan og beskrivelse av prosjektet som er sendt ut som nabovarsel. Eg ser på dette som et nytt forsøk på å legge press på oss siden forsøket med å presse meg til å skrive kontrakt mislykkes. Kommunen prøver her å velte en større andel av kostnadene over på oss. Eg vil gjerne vite hvem i administrasjonen som foreslår en slik løsning som bryter med politisk vedtak.

Det er ikkje mulig å gå inn på alle detaljer i mitt tilsvaret. Da ville dette skrivet vært på mange sider. Eg har tatt tak i dei viktigste, men eg forbeholder meg retten til å komme med tilsvaret på andre deler av referatet både på ting som står og ikkje står i referatet, hvis dette blir nødvendig på et senere tidspunkt

Mvh

Atle Lilletveit

